



ÅRSPLAN

RYGG BARNEHAGE

2025 - 2027



VELKOMEN TIL RYGG BARNEHAGE

Rygg barnehage er ein barnehage med to-tre avdelingar, avhengig av storleiken på barnegruppa.

Barnehagen ligg på sørsida av Gloppefjorden, 5 minutt frå Sandane i Gloppen kommune.

Vi har støylar, fjære og gapahuk i nærområdet.

Barnehagen er organisert som eit samvirkeforetak (SA). Det betyr at det er ein foreldreeigd barnehage der årsmøtet er høgste styringsorgan.

Rygg barnehage byggjer sitt arbeid på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og barnekonvensjonen. Vårt arbeid tek utgangspunkt i samfunnsmandatet som er nedfelt i Rammeplanen.

Vi som arbeider i Rygg Barnehage har ei felles holistisk haldning til korleis vi vil møte det enkelte barn. Å gje kvart barn tryggleik, respekt, tilhøyrslø, varme og omsorg er sentrale verdiar som speglar vårt arbeid. Barndomen er verdifull og kvart barn er unikt – det er vår jobb å sjå og forstå.

Den viktigaste ressursen for god kvalitet i barnehagen er personalet. For oss er det viktig å vere i ein lærande organisasjon. Vi ønskjer å vere i utvikling, og auke vår kompetanse innan ulike fagfelt.

I denne årsplanen vil vi vise korleis vi arbeider med å omsetje innhaldet og oppgåvene i Rammeplan for barnehagen i praksis. Planen er eit arbeidsreiskap for personalet i det daglege arbeidet, og skal brukast i planlegging, gjennomføring, vurdering og refleksjon av barnehagen.

Føresette, og andre, får dermed innsikt i korleis barnehagen vert dreven, og dannar grunnlag for føresette sine moglegheiter for medverknad og medbestemming (barnehagelova §4).

Årsplanen er godkjend av samarbeidsutvalet i september 2025.

Marte Christensen

Dagleg leiar

INNHALDSLISTE

Informasjon om barnehagen	4
Om oss	5
Arbeidsmål 2025-2026	6
Visjon	7
Verdigrunnlag	7
Pedagogisk grunnsyn	8
Danning gjennom omsorg, leik og læring	9
Leik	10
Planlegging	11
Progresjon	12
Barna sin medverknad	15
Foreldre sin medverknad	15
Inkluderande barnehagemiljø	17
Overgangar	18
Dokumentasjon og vurdering	19
Språk og kommunikasjon	20
Trygge lokalsamfunn	22

INFORMASJON OM BARNEHAGEN

Rygg barnehage er ein privat barnehage, eigd og driven av foreldregruppa som eit samvirkeforetak (SA). Barnehagen er godkjend for 33 plassar for barn i alderen 1-6 år. Barnehagen er i barnehageåret 2025-2026 inndelt i to avdelingar; Solsikka (3-6 år) og Blåklokka (1-2 år). Vi har 3 pedagogiske leiarar, 1 barnehagelærer, og 1 dagleg leiar med godkjend barnehagelærerutdanning. Dagleg leiar har òg utdanning som spesialpedagog.

Barnehagen ligg på Ryggøyra på sørsida av Gløppefjorden i Gloppen kommune, om lag 5 min frå Sandane.

Adresse:

Rygg Barnehage

Ryggjavegen 24,

6823 SANDANE

Telefon: 94084914

E- post: post@ryggbarnehage.no

Heimeside: www.rygg.barnehage.no

PERSONALET I BARNEHAGEN

Marte Christensen	100% dagleg leiar
Hege Aagaard	100% pedagogisk leiar, Solsikka
Line Bygd	100% pedagogisk leiar, Solsikka
Anja Bakkelid	100 % barnehagelærer, Blåklokka
Linda F Kandal	100% pedagogisk leiar, Blåklokka
Ragnhild Rygg	25% barn og ungdomsarbeidar; Blåklokka og Solsikka
Trienke Eilander	100% barn og ungdomsarbeidar, Solsikka
Janne Mettenes	80% barn og ungdomsarbeidar, Solsikka
Victoria Skjerdal	80% pedagogisk medarbeidar, Blåklokka og Solsikka
Malene Støylen	80% pedagogisk medarbeidar, Blåklokka
Selma Rygg	100% pedagogisk medarbeidar, Solsikka

OM OSS

BARNEHAGERUTA

I løpet av eit barnehageår har barnehagen 5 planleggingsdagar. Desse blir fordelt over heile barnehageåret.

Kursdagar/planleggingsdagar:

Fredag	15. august 2025
Måndag	6. oktober 2025
Tysdag	7. oktober 2025
Fredag	30. januar 2026
Fredag	15. mai 2026

Feriestenging:

13. juli -24. juli 2026 (veke 29 og 30).

Desse dagane er barnehagen stengt:

Barnehagen er stengt på heilagdagar. I romjula og påskeveka vert barnehagen open dersom det er behov for det (minst 4 påmelde kvar dag, påmelding når det nærmar seg).

STYRET FOR BARNEHAGEN

Val av styreleiar, styremedlem vert valt på årsmøtet.

Styreleiar:	Marte Rygg Villanger	(Rep. frå foreldra)
Styremedlem:	David Rygg	(Rep. frå foreldra)
Styremedlem:	Lars Johan Sivertsen	(Rep. frå foreldra)
Styremedlem:	Malene Støylen	(Rep. frå personalet)
Styremedlem:	Marte Christensen	(Styrar)
Varamedlem:	Vegard Flatjord	(Rep. frå foreldra)

SAMARBEIDSUTVALET

Val av medlemmar vert valt på årsmøtet. Foreldregruppa er representert med 2 medlemmar, der ein er leiar. Personalet er representert med eit medlem og barnehagen er representert med eit medlem.

Leiar:	Kristianne U Brown	(Rep. for foreldra)
Nestleiar:	Jens Gule	(Rep. for foreldra)
Medlem:	Malene Støylen	(Rep. for personalet)
Sekretær:	Marte Christensen	(Rep. frå barnehagen)

ARBEIDSMÅL BARNEHAGEÅRET 2025-26

Alle tilsette i barnehagen har forplikta seg til å arbeide etter Rammeplanen (2017). Planen er eit styringsverktøy for kva mål vi skal arbeide etter i barnehagen. Innhaldet set krav til tilsette sin veremåte og evner til m.a. kommunikasjon, samhald, planlegging, observasjon osv. I tillegg lagar vi planar med tilpassa innhald som vi planlegg, førebur og dokumenterer. Dette er pedagogiske aktivitetar knytt til årstida, kultur og tema.

Vi har mange og varierte mål og oppgåver. Vi må difor gjere nokre val og dette året har vi valt LEIK.

Dette året set vi særleg fokus på **leiken**:

Vi vil auke vår leikekompetanse i personalgruppa. I samarbeid med Bakkeligrenda bhg og Terje Melaas skal vi arbeide med ulike sider av leiken, samt leiing av leik.



Leiging av leik:

Barnehagen har, saman med dei andre barnehagane i kommunen, fått tildelt rekompmidlar. Dette året vil vi satse på kompetanseheving og leiarutvikling av dei pedagogiske leiarane, og vi vil spisse det til å leie leik.

Sosial kompetanse:

Vi ønskjer at barna skal utvikle og lære god sosial kompetanse. Vi vil særleg fokusere på sjølvhevdning, sjølvstendigheit og prososial åtferd.



VISJON

«VI BIDREG TIL EIN TRYGG OG AKTIV BARNDOM»

Barna skal oppleve at barnehagen er ein trygg plass å vere. Kvar enkelt vaksen set kvart enkelt barn i fokus. Vi vågar å by på oss sjølve, og har mykje kunnskap og varme.

Riktig balanse mellom aktivitet, positivt stress og kvile gjev barna god livskvalitet. Vi er difor opptatt av å skape pusterom der barna også får nok kvile i løpet av ein aktiv dag.

Gode omsorgsmiljø der barna opplever både varme, nærleik og empati, og får hjelp til å regulere kjenslene på gode måtar, der dei får god støtte til å takle vanskar som oppstår i kvardagen, vil kunne hindre stress og dermed skape god psykisk helse (Drugli).

Vi ser på **fysisk aktivitet** som svært viktig for barnet si utvikling, ikkje berre på grunn av den fysiske utviklinga av kroppen, men alle helsegevinstar som medfølgjer. At aktive barn opplever større livsglede og overskot er positivt for opplevinga av meistring og den psykiske helsa, men også at stressnivået vert redusert.

Ved å vere bevisste på denne balansen bidreg vi til at barna vert trygge i seg sjølve og så robuste at dei kan møte utfordringar og motgang.

MÅL

«Vi ønskjer å gje barna ein aktiv og variert kvardag med leik, læring og meistring i fokus med vekt på fysisk fostring, uteliv og helse».

VERDIGRUNNLAG

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Barnehagen skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som FN-konvensjonen av 20. november 1989 om rettane til barnet (barnekonvensjonen) (Rammeplanen s.7).

Vi byggjer vårt arbeid på dei grunnleggjande verdiane i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Det betyr at vi markerer dei kristne høgtidene. I vår barnehage omfavnar og respekterer vi alle barn og familiar med ulike livssyn og religion. Vi meiner utvikling av identitet, ei sterk sjølvkjensle og eit positivt sjølvbilde er viktig for å skape livsglede og

oppleve eigenverdi. Dette dannar grunnlag for ei god psykisk helse og er sentralt i det førebyggjande arbeidet i barnehagen.



PEDAGOGISK GRUNNSYN

I vår barnehage har vi:

- God tid saman med barna
- Mykje humor
- Ansvarsfulle vaksne
- Rom for alle (mangfald)
- Barnet i fokus
- Moglegheiter og ikkje begrensningar
- Kompetanse innan ulike fag

Personalet:

- Tek ansvar og ser det enkelte barn
- Er positive og varme
- Er i fagleg utvikling

Barnehaugen sitt pedagogiske grunnsyn gjenspeglar dei ansatte sine haldningar og tankar omkring arbeidet med barna. I vår barnehage er det vaksne som vågar, og som ønskjer å by på seg sjølv, med kunnskap og formidlingsevne.


Det skal vere rom for alle, og alle ulikskapar hjå både barn og vaksne. Vi skal ha ein barnehage med stor takhøgde og mykje varme. Vi bryr oss!

DANNING GJENNOM OMSORG, LEIK OG LÆRING

I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartronge. Vi set arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng. Vi samarbeidar med heimen for å ivareta barna sine behov for omsorg og leik (Rammeplanen 2017, s.19-22).

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over egne handlingar. I samlingar og grupper får barna utforske og reflektere over problemstillingar i fellesskap med dei andre barna. Vårt mål er å trygge barna på at deira meining er viktig. I samtalar med barna er vi bevisste på kva og korleis vi kommuniserer som rollemodellar. Vi er der barna er for å støtte dei, rettleie dei og hjelpe dei til å ta val basert på inkludering og empati.

Omsorg skal prege alle situasjonar i barnehagen, når barna leikar, i stell, måltid og ved påkledning. Barna skal oppleve trygge og omsorgsfulle relasjonar mellom kvarandre, og mellom barn og voksen. Vi nyttar tryggleikssirkelen (COS) som utgangspunkt for vårt pedagogiske arbeid.



Gjennom leiken utviklar barna sosial kompetanse og vennskap. Det er dermed viktig at dei får leike og finne venner. Barna leikar det dei er opptatt av, det dei har sett og erfart.

I Rygg barnehage:

- leikar vi saman med barna. Vi ler og tøysar, og let barna styre innhaldet i leiken.
- hjelp vi til med påfyll av utstyr til leiken og deltek for å inspirere.
- er vi opptekne av å beskytte barna sin leik og vi lærer kva som er viktig for barna ved å observere.
- ønskjer vi å hjelpe, støtte og rettleie barna til å bli sjølvstendige individ som tek ansvar for eigne handlingar.
- tek vi barna på alvor og tryggar dei i utforsking.
- tek vi ansvar for samspelet.
- legg vi til rette for meistring, opplevingar, glede, pågangsmot og lyst til å lære gjennom varierte arbeidsmåtar.

LEIK

I samarbeid med Terje Melaas har personalet fått auka kompetanse om leik, noko som er avgjerande for å legge til rette for leiken. Auka kompetanse fører òg til høgare verdsetting av leiken og alt den kan bidra med i barna si utvikling.

I arbeidet har personalet samla seg om eit mål: **Å skape gode leikerutinar.**

Leikerutinar handlar om gjentaking, gjenkjenning og nyskaping i leiken. Leikerutinane har stor kraft ved at gjentaking og gjenkjenning skapar tryggleik og nyskaping skapar utvikling. Dette fører til vennskap og eit felles fokus, ein «vi-kultur» (Melaas, 2014, s.95).

Personalet har saman funnet fram til ein standar for å sikre gode leikerutinar for barna.

For å skape gode leikerutinar på avdeling må eg:

- Tilføre innhald til leiken
- Skape glede
- Bruke fantasi og lage narrativer
- Gje barna kunnskap og idear til å vidareutvikle påbegynt leik
- Støtte barna i leiken
 - sikre at alle får bidra og delta
 - bevisst på korleis vi korrigerer

ØNSKA ADFERD PÅ AVDELING

Eg er nær barna og deltek i leiken på leiken sine premisser

Eg er engasjert i barna sin leik

PLANLEGGING

Rygg barnehage er ein lærande organisasjon. Barnehagen følgjer gjeldande lover, reglar og krav frå styringsdokument, men også kommunale planer og felles satsingar.

Alle barnehagane i Gloppen samarbeider om kvalitetsprogrammet resultatleing. Vi har utvikla gode arbeidsmåtar og arbeidsprosessar slik at vi utviklar «beste praksis» innan ulike fokusfelt i kvar barnehage. Dette er eit arbeid alle er involvert i som sørger for at vi arbeider både systematisk og systemisk med det pedagogiske arbeidet.

KOMMUNALE PLANAR og SATSINGAR:

BTI – Betre tidleg innsats. Ein samhandlingsmodell med prosedyrer gjennom handlingsretteleiren. Gjennom BTI sikrar vi riktig tidleg innsats gjennom kartleggingar og faglege vurderingar frå dei ulike instansane i kommunen. Foreldre vert også tidleg involvert gjennom gode rutiner.

«Inkluderande barnehage- og skulemiljø i Gloppen. Førebygge og handtere mobbing & krenkingar» (2022) IBOS er ei felles satsing mellom barnehagane og skulane i kommunen for å førebygge mobbing og styrke barna si psykiske helse. Ved å fokusere på helsefremjande faktorar som skapar livsmeistring og glede, ønskjer vi å ruste barna for framtida. Alle barn skal få delta i eit fellesskap og oppleve gode vennskap.

Oppvekstplan – tverrfagleg/ tverretatleg plan. Under utarbeiding.

Overgangsplan – plan for eksterne overgongar i Gloppen kommune. Den første store overgangen i barna sitt liv er ved barnehagestart, deretter skal dei vidare til barneskulen og for mange er dette ein milepæl i livet på godt og vondt. Overgangsplanen skal sikre ein trygg og tilrettelagt overgong for barn og foreldre, der barna sine behov vert ivaretatt. Planen skal bidra til ein raud tråd gjennom utdanningsløpet til barn og unge.

INTERNE PLANAR

Halvårsplan – ein oversikt over møteaktiviteten i barnehagen. Vi planlegg eit avdelingsmøte og personalmøte kva månad. I tillegg vert foreldremøter og samtalar planlagt.

Månadsplanar – pedagogisk leiar har ansvar for å utarbeide ein månadsplan, samt eit månadsbrev. Månadsplanen tydeleggjer arbeidsmåtar, progresjon og tilpassing av aktiviteter til aldersgruppa. Planen sikrar også at arbeidet er i tråd med intensjonen i rammeplanen. Månadsbrevet inneheld litt om kva barna har gjort førre månad, samt ei påminning om noko særskilt skal skje.

PROGRESJON

I barnehagen brukar vi ulike arbeidsmetodar. Prosjektarbeid er ein arbeidsmetode som står sentralt i vårt arbeid. Innhaldet i prosjekta tek utgangspunkt i barna sin medverknad gjennom barnet sine interesser og engasjement. Det er difor ikkje mogleg å planlegge på førehand kva barna skal erfare, oppleve og lære.

Månadsbrev vert sendt ut til alle foreldre i månadsskifte. Målet er å synleggjere innhald og progresjon i arbeidet på avdelinga, knytt mot fagområda som er skildra i Rammeplanen. Månadsbrevta velger vi difor å definere som ein dokumentasjon av progresjon i barnehagen sitt innhald og korleis vi arbeider med dei ulike fagområda.

Med måten vi organiserer dei ulike gruppene innad i barnehagen, ivaretek vi også progresjon i det pedagogiske innhaldet. Vi har førskulegruppe med dei barna som byrjar på skulen til hausten. Vi har ulike leikegrupper der barna har tilhøyrse til den gruppa med same utviklingsnivå. Når barnegruppa vert delt i mindre grupper, er leik og aktivitetar i større grad tilpassa barnet si utvikling, noko som igjen bidreg til auka meistringskjensle. I barnehagen skal barna få rike og varierte opplevingar. Det fysiske rommet, leikar og material barna møter i barnehagen har betydning for deira utvikling. Ved at personalet endrar og tilfører nye element til leike- og læringsmiljøet ut frå barnet si utvikling gjennom året, legg vi til rette for progresjon. Personalet skal inspirere og tilføre nye perspektiv og element for å gje barna nye erfaringar og utvide dei erfaringane dei alt har.

Slik jobbar vi med progresjon innan fagområda i Rammeplanen:

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST



KROPP, RØRSLE OG HELSE



KUNST, KULTUR OG KREATIVITET



MENGD, ROM OG FORM



NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Leik og undring i naturen

1-2 år: Leik med vatn. Sansa og erfare årstider.

2-3 år: Leik med naturmaterialar. Leik med lys/ mørke. Felles opplevingar ute i naturen.

3-4 år: Ulike typer eksperiment. Lengre turar i ulikt terreng og leik i ulike miljø/ underlag

5-6 år: Undre seg over endringar i naturen. Lære korleis vi tek vare på naturen. Stelle og ta vare på dyrka mat.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Undre seg over korleis verda fungerer

1-2 år: Sosiale erfaringar. Seie hei/ hade. Trøste. Bruke sanasane

2-3 år: Setje ord på kjensler. Leik / utforskning saman med barn og voksne

3-4 år: Løyse konflikter. Dele/ samarbeide. Felles opplevingar kring høgtider / markeringar

5-6 år: Erfare mangfald. Vennskap, hjelpe og vise omsorg.

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Utforsking av omverda

1-2 år: Utforske bhg sitt område inne/ ute. Oppleve å verte teken omsyn til.

2-3 år: Turar rundt bhg sitt nærområde. Leike ulike yrker. Få hjelp til å meistre det fysiske miljøet.

3-4 år: Få tilhøyre ei gruppe. Samarbeid og verte enig. Besøke institusjonar/ arbeidsplassar.

5-6 år: Utforske skulen. Få erfaring med demokratiske avgjerdslar. ekskusjonar. Utforske bygda vår.

BARNA SIN MEDVERKNAD

Barna si stemme vert vektlagt i planleggings- og evalueringsarbeidet. Barna får påverke og ha innflytelse i sin kvardag. Barnet uttrykkjer sine ønskjer på ulike måtar, og for å sikre at alle barna får oppleve medverknad er vi bevisste på følgjande:

- forstå og tolke barnet sitt kroppsspråk
- observere kva barnet leikar med, og kvar det vel å leike
- byggje vidare på barnet sine innspel/interesser
- vere nysgjerrige saman med barnet. Forske på barna sine initiativ, «død mus»
- vi innreier det fysiske miljø etter barna sine behov ved å dele i soner, ha ting i barnehøgde og tilrettelegge for fleire typar aktivitet
- ha respekt for og ta signal frå barnet på alvor

FORELDRE SIN MEDVERKNAD

Foreldresamarbeidet er viktig for å skape heilskap for barnet. I tillegg til å informere om korleis barnet har det i det daglege, skal vi rettleie foreldre og vi har ansvaret i relasjonen.

Samarbeid mellom foreldre og personalet er viktig for barnet sin trivsel og utvikling. Heim og barnehage er to ulike miljø med eit felles mål om å skape ein best mogleg oppvekst for barnet. For å lykkast med dette samarbeid er møtepunkt viktige. Informasjonsutveksling er ein føresetnad, men eit samarbeid krev også involvering og engasjement frå begge partar.

Oppstart

Alle foreldre/ barn som skal byrje i barnehagen mottek eit skriv med informasjon frå barnehagen og avdelinga barnet skal byrje på. Kvart barn får tilbod om å besøke barnehagen på førehand og få møte sin kontaktperson. Denne personen følgjer barnet ekstra tett i tilvenningsperioden. Barnet har korte dagar første veka, og foreldra skal vere med så lenge barnet har behov for det.

Dagleg kontakt/ kommunikasjon

Ved levering- og hentesituasjonar utvekslar vi, saman med barnet, informasjon om kva barnet har gjort i løpet av dagen. Vi møter både barn og foreldre i garderoben, og ønskjer kvarandre ein god start på dagen.

Foreldremøter

Vi har to foreldremøter i løpet av barnehageåret, eit på hausten og eit på våren. Møtet på våren er knytt til årsmøtet. Plan for innhald på foreldremøta er knytt til målsettingane for barnehagen og kommunale satsningar.

Foreldresamtalar

Barnehagen kallar inn til to foreldresamtalar pr år (haust og vår). Gjennom arbeidet med IBOS og BTI vert foreldre også involvert ved behov. Foreldre vert også tidleg kontakta via telefon dersom det er behov for dette. For oss er det viktig at foreldre opplever tryggleik og tillit i samarbeidet. I tillegg arrangerer vi sjølv sagt ekstra samtlar ved ønskje frå foreldra.

Samankomstar

I desember feirar vi Lucia og serverer lussekattar til foreldrene. I veka før påske inviterar vi foreldre og søsken til ein hyggeleg påskefrukost. I juni held vi sommarfest med underhaldning og servering, i alle fall for dei eldste.

Skriftleg informasjon

Årsplanen vert vedteken av SU, og dannar grunnlaget for arbeidet vi gjer i barnehagen. Denne er foreldra oppfordra til å lese.

Skriftlege oppslag og informasjon som gjeld avdelinga vert hengt opp på dørene. Individuelle beskjedar får foreldra munnleg eller på tekstmelding. Skriftleg plan for komande månad, og samandrag av føregåande månad, vert sendt ut til foreldra ved månadsskiftet.

Foreldremedverknad i planlegging/vurderingsarbeid

Foreldra oppfordrast til å delta i planlegging/vurderingsarbeid på foreldremøter og under samtlar. Arbeidet frå foreldra gjenspeglar vårt arbeid med barna.

Foreldreråd

Foreldreråd er eit lovpålagt organ som består av alle foreldre i barnehagen. Foreldre kan møtast, diskutere ønskjer og behov, og kome med forslag til barnehagen.

Samarbeidsutval (SU)

Barnehagen har eit samarbeidsutval med to foreldrerepresentantar og to ansattrepresentantar. Samarbeidsutvalet skal vere eit bindeledd mellom dei ansatte og foreldra, og jobbe for eit godt barnehagemiljø på vegne av foreldregruppa.

Utvalet skal vere med på å drøfte barnehagen sitt pedagogiske og ideelle grunnlag. SU har rett til å uttale seg i saker som er viktig for barnehagen sitt innhald og den generelle verksemda.

Dugnad

Kvar vår deltek foreldra på dugnad . Ofte dreier det seg om utandørs jobbing. Vi kan også innkalle til dugnad andre tider dersom det er behov for det.

INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ

Førebyggjande arbeid

Alle barna skal få oppleve å vere ein del av eit fellesskap i barnehagen. Personalet legg til rette for at barna vert godt kjend med kvarandre på tvers av alder, kjønn og modning, og gjennom felles opplevingar og aktivitetar. Personalet skal vere aktivt tilstades for å stoppe og hindre negative og ekskluderande handlingar.

For å sikre at alle barna får oppleve fellesskap gjennomfører vi systematiske kartleggingar i barnegruppa.

Førskulebarna: Barnesamtalar og «Bussen».

Ved å kartlegge barna med bussen får vi ein oversikt over kva barn som vel kva barn til å vere med på busstur. Dersom barn ikkje vert valgt utløyser dette aktivitetsplikta, og dermed fleire observasjonar og kartleggingar.

For dei eldste barna (3-5 år) gjennomfører vi «Bussen».

For dei minste barna (1-3 år) nyttar vi eit kartleggingsverktøy (observasjonsskjema) for å sjå nærmare på korleis barna tilnærmar seg kvarandre og respons på kontakt.

Innan 1. desember og 1. mai kvart barnehageår skal alle barna ha delteke i kartleggingar minst 2 gongar.

Prosessmål for personalet:

- Kompetanse på å skape eit trygt og inkluderande barnehagemiljø
- Tilrettelegge leik og aktivitetar slik at barn får oppleve fellesskap
- Kompetanse på å hjelpe barn i ulike leikeformer og utforsking

OVERGANGAR

I løpet av dei første leveåra opplever barna ein del overgangar. Det er viktig å planlegge og førebu desse overgangane. Ein overgang innebærer at barnet skal tilpasse og omstille seg til eit nytt miljø, gjerne med nye barn og vaksne. Ofte handlar overgangane om å gå frå å vere stor til liten igjen. Alle barn opplever desse overgangane ulikt. Det krev at vi er årvåkne og sensitive for signal og tilbakemeldingar frå barnet, då dei er i ein sårbar situasjon.

Heim -barnehage

Før barnet byrjar i barnehagen får foreldre tilsendt informasjon om barnegruppe, namn på tilsette, samt plan for oppstart med tidspunkt og korleis vi tenker samarbeidet vert den første tida. Dei får og tilbod om å besøke barnehagen saman med barnet før han/ho skal byrje. Alle barn får ein vaksen i barnehagen som nærpersion. Dette er viktig for å skape ein trygg og nær relasjon (trygg hamn jmf. cos) slik at barnet kan tåle atskillelsen frå foreldrene.

Småbarn – storbarn

Det året barnet fyller 3 år byrjar det på Solsikka. Det er ei avdeling for barn mellom 3 og 6 år. På våren besøker dei eldste på Blåklokka den nye avdelinga oppe. Dei får vere på leikegrupper saman med dei barna dei skal vere med til hausten. Vi arbeider med å skape gode relasjonar mellom barna også i felles leik ute og på tur dagar. Når vi får det til med personalkabal prøvar vi å få med ein tilsett over på avdelinga saman med barna.

Barnehage – skule

Dei eldste barna i barnehagen vert kalla løvene. Siste året i barnehagen fokuserer vi ekstra på samhald, styrking av fellesskapet i gruppa, samt sjølvferdigheiter. Barnehagane i Gloppen har eit godt samarbeid, og det er utarbeida ein felles plan for overgangar. Den skal sikre ein god overgang slik at barna er så førebudd som mogleg ved skulestart. Barnehagen og skulen har også overgangssamtalar der foreldre gjev løyve til overføring av informasjon. Gjennom siste året, og særleg på våren, har vi fokus på treffpunkt med andre barn som skal starte på skulen. Vi møtast i dei ulike barnehagane, på felles arrangement og på skulen. Møter på skulen innbærer at barna får treffe læraren sin, sjå klasserom og SFO. Lærarane kjem og på besøk i barnehagen. Etterkvart får dei tildelt ei gruppe faddarar (6.klassingar) som hjelper dei i friminutta etter skulestart.

DOKUMENTASJON OG VURDERING

Dokumentasjon, vurdering og refleksjon er viktige oppgåver for personalet i barnehagen. Vi skal sjå oss sjølve i vårt eige arbeid. Men det gjev oss òg ei viktig tilbakemelding på kor langt vi er komne i vårt arbeid med barna og kva som er neste steg. Det kan seie oss noko om vi har progresjon i arbeidet med barna som vi har satt som mål i årsplanen.

Alle barna i barnehagen skal få moglegheit til å påverke barnehage-kvardagen sin. Dei skal få moglegheit til å vere med til å planlegge og vurdere barnehagen sitt innhald. Dette gjer vi ved å fange barna sine innspel og interesser i kvardagen, og utviklar opplegg knytt til f.eks tema. Når vi gjennomfører barnesamtalar og kartleggingar får vi tilbakemeldingar på barna sine ønskjer for kvardagen i barnehagen. Dette gjeld alt frå tema, leikar, bruk av tida, matvalg etc. Det viktigaste er å inkludere alle barna sine ønskjer i arbeidet. Dette sikrar vi gjennom val-aktivitetar og varierte leikegrupper, med og utan vaksenstyring.

Dokumentasjon frå barnehagen er med på å gje foreldre, kommunen og lokalmiljøet informasjon om det vi i barnehagen opplever og arbeider med. Personalgruppa må vurdere arbeidet sitt gjennom heile barnehageåret. Personalet brukar si møtetid til å vurdere og reflektere over mellom anna val av aktivitetar og gjennomføring av desse, den vaksne si rolle ovanfor barna, foreldre og kollegaer, og ikkje minst samspelet mellom dei ulike aktørane i barnehagen. Vurderinga vil vise igjen i månadsbrev- og planar som dei ulike avdelingane får utdelt.

Vi tek ein del bileter i løpet av dagen. Desse lastar vi opp på ei lukka nettside knytt til heimesida. Vi oppfordrar foreldre til å sjå på desse bilda saman med barna.

SPRÅK OG KOMMUNIKASJON

Språket er vårt viktigaste reiskap for å gjere oss forstått, danne relasjonar, ta del i fellesskap, tileigne oss kunnskap og mykje anna. Språk og kommunikasjon er overalt, heile tida. Små barn er kommuniserande av natur og barnehagen skal bidra til å vidareutvikle dette instinktet. Vi skal støtte språkutviklinga deira ved å vere rollemodellar, setje ord på opplevingar, erfaringar og kjensler, utvide språket deira, modellere korleis ein kan kommunisere, illustrere korleis språket er nyttig for oss og gje dei erfaringar med språket i ulike samanhengar. Personalet set ord på «alt» i møte med barna og er språkeleg aktive, dei tilpassar språket til samtalepartnaren (barnet) og denne tilpassinga skal følgje barnet si språklege utvikling og aukande alder (Høigård, 2006).

I barnehagen er førstehandserfaringar og utforsking ein stor del av kvardagen, og slike direkte sanseerfaringar som å sjå, lukte, smake, ta på, føle på og å oppleve med kroppen gjev det beste utgangspunktet for språkutvikling. Omgrep gjev meir meining når ein kan knyte det til ei konkret erfaring. Kva som er kaldt og varmt, hardt og mjukt er vanskeleg å fatte om ein ikkje har erfart det sjølv. Personalet har difor fokus på at førstehandserfaringar saman med ein aktiv språkleg vaksen, gjev eit godt grunnlag for eit godt språkleg fundament.

Språk meir enn berre omgrep. Språk er noko som binder menneskjer saman og bidreg til meiningsskaping. Slik vert språket ein brubyggjar til forståing av oss sjølv og verda rundt oss. Dette er eit viktig perspektiv å ha med seg i barnehagen, og vi har difor fokus på språket som ein del av noko større. Språkutviklinga til barna heng saman med leikeutviklinga, etablering av relasjonar og vennskap, tryggleik, å få dekkja behov og det å kunne uttrykkje seg. Språk og språkutvikling er difor ein viktig del av heile kvardagen vår og noko som viser att i alle møter mellom liten og stor. Vi er opptekne av at barna skal få utfalde seg språkleg og utvikle seg på sine premiss. Det tyder i praksis at ueinigheitar, konflikter, mekling, diskusjonar og forhandling er velkomne som språkfremjande augneblikk, med ein lyttande vaksne som kan rettleie barna innan både det språklege og mellommenneskelege.

Fleire i personalgruppa har kompetanse på teikn til tale. Vi har erfaring med at bruk av teikn og bildestøtte gjev barna større moglegheit til å uttrykke seg. Språk vert berika ved bruk av teikn. I tillegg lærer barna å kommunisere med alle barna i barnegruppa. Vår målsetjing er å bruke teikn så mykje som mogleg i kvardagen.

Barnehagen vår har eit rikt språkmiljø. Vi nyttar bilete av tema, fargar, barna sjølv på veggane for at barna skal gjenkjenne og kunne fortelje. Vi har bøker lett tilgjengeleg slik at barna kan sjå i bøker og verte lest for når dei ønskjer det. I tillegg nyttar vi mykje song og songleikar saman med barna, som er ei kommunikasjonsform alle barn kan ha glede og utbytte av.

Når vi har tid og høve reiser vi gjerne på biblioteket. Der les vi og leiger med oss bøker tilbake til barnehagen. Vi er så heldige at vi har kreative og dyktige folk som arbeider på biblioteket. Bilete viser dramatisering av eventyr for barna. Etter å ha arbeidd med beste praksis omkring måltid nyttar vi måltidssituasjonen til å øve på å lytte til andre, fortelje ein om gangen og ha det roleg under måltidet. Vi set ein vaksen på kvart bord saman med barna når vi et.



Dersom barna har utfordringar med språklydar eller andre vanskar som påverkar språkutviklinga, nyttar vi hjelp frå PPT. Foreldra er sjølvstøtt involvert i desse vurderingane. Vi nyttar også PPT som rettleiarar når vi treng råd til passande tiltak på generelt grunnlag.

TRYGGE LOKALSAMFUNN

BEREDSKAP

Kommunen sine satsningsområder innan trygge lokalsamfunn omfattar mellom anna beredskapsarbeid i dei ulike organisasjonane. Barnehagen har utarbeida lokal handlingsplan for ulykker, alvorlege hendingar og brann. Vi har internkontrollsystem for el-sikkerhet, brann og sjekk av areal for at barnehagen skal vere ein sikker opphaldsplass for barn og vaksne. Vi brukar også PBL Mentor som plattform for rutiner. I samarbeid med Nygård bhg og Bakkeligrenda bhg gjennomfører vi førstehjelpskurs annankvart år.

TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

Barnehagen er sertifisert som ein trafikksikker barnehage. Dette stiller krav til mellom anna trygge bringe- og hentesituasjonar, trafikksikkerheit på tur, sikring av barn i bil og at vi gjev barna opplæring av ferdsel i trafikken. Her nyttar vi Tarkus som trafikkmaskot.

Vi ønskjer å gjere barna meir bevisste ved å lære dei 4 huskereglar:

1. Bruk augene og sjå deg godt omkring langs vegen.
2. Bruk øyrene til å høyre etter bil eller traktorlydar
3. Stopp, stå heilt i ro, sjå og høyr etter før vi går over vegen
4. Bruk refleksvest. Vi lærer barna om effekten av refleks.

Barnehagen har utarbeida rutiner og retningslinjer for sikkerhet på tur i nærområdet, samt på lenger utflukter som krev transport med bil og buss/ taxi.